

03 FEB 2006
05/3280-182

Ark: 661-0

K01 KØ/HER

Det kongelege kommunal- og regionaldepartement - kommunalavdelingen

Postboks 8112
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

06/26-3/06/532//OSN

Dato:

Manger: 01.02.2006

**NOU 2005:18 - FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING -
INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER**

Vi viser til dykkar skriv, dagsett 28.10.05.

Radøy formannskap handsama saka i møte 26. januar 2006, sak 19/06, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Radøy kommune er noko reservert til dei endringar som er føreslått når det gjeld inntektsskatten. Det må i så fall vera ei moderat tilpassing innan klart definerte rammer. Føresetnaden må vidare vera at nasjonale prioriteringar vert ivaretatt av den obligatoriske finansieringsdelen, og at kommunane såleis får disponera den frie delen heilt fritt.
2. Radøy kommune er samd i at retten til å innføra avgifter ved ymse tenester kan utgreiast.
3. Radøy kommune går mot eit system med tilpassa normer i høve vatn, avløp og renovasjon.
4. Radøy kommune er samd i utvalet sine tilrådingar vedk eigedomsskatt og utgreiing av naturressursskatt.

Utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Olav Steinar Namtvedt (sign.)
ordfører
Leif Taule
fung. rådmann

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	26.01.2006	019/06	OSN

Avgjerslemynde: Formannskapet	Arkiv: K1-024	Arkivsaknr
Sakshandsamar: Olav Steinar Namtvedt	Objekt:	2006000026

NOU 2005:18 - FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING - INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.2005	Det kongelige kommunal- og regionaldepartement - kommunalavdelingen	NOU 2005:18 - Fordeling, forenkling, forbedring - inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner

Vedlegg i saka: Utdrag frå NOU 2005:18

Saksutgreiing:

Ved kongeleg resolusjon av 3.oktober 2003 vart det oppnemnd eit offentleg utval for å gjennomgå og evaluera inntektssystemet for kommunal sektor, Inntektssystemutvalet. Når det gjeld oppnemning, mandat og arbeid vert synt til kapittel 1 i utgreiinga.

Utvalet har vore i arbeid i om lag 2 år. I mandatet er dei beden om å føreta ein brei fagleg gjennomgang av fordelingsmekanismane i systemet. Oppgåva er å komma fram til eit enkelt og rettferdig system 10 år etter siste hovudrevisjon (Rattsø-utvalet).

Utvalet føreslår endringar av inntektssystemet etter desse hovudliner:

- Forbetra fordelingsmekanismane
- Forenkla systemet
- Forbetra verkemåten til rammefinansieringssystemet.

Følgjande endringar vert føreslått:

- Ny kostnadsnøkkel for kommunar og fylkeskommunar
- Ny inntektsutjamning for fylkeskommunane
- Prognosebasert inntektsutjamning
- Avvikling av ordninga med oppdatert folketal i utgiftsutjamninga
- Redusert skjøntilskot
- Nytt distriktspolitisk tilskot til kommunane
- Nytt inntektsgarantitilskot som erstattar dagens overgangsordning
- Fjerning av hovudstadstilskotet til Oslo
- Kommunalt finansieringsansvar for frittstående skular.

Utvalet sine vurderingar og framlegg til nytt inntektssystem går fram av Samandrag, kapittel 1 i utgreiinga.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil gje følgjande uttale til NOU 2005:18:

Generelt:

Inntektssystemutvalet si innstilling er ei grundig – og på mange punkt – ei god vurdering av inntektssystemet. Det vert frå Radøy si side først og fremst sett på endringane for kommunane, og mange av dei skisserte endringane vil gje eit betre inntektssystem. Det er imidlertid og nokre av endringane som saknar godt nok fagleg grunnlag eller har verknader som ikkje kan forsvarast, utfrå politiske vurderingar.

Inntektssystemet har både faglege og politiske element, og utvalet kunne ha vore tydelegare på kva som er politikk og kva som er fag. Det ville gjort det lettare å drøfta innhaldet i inntektssystemet.

Utgiftsutjamninga

Utvalet sitt analyseopplegg tykkjest vera godt, sjølv om både den normative og den statistiske metoden for berekning av objektive (ufrivillige) utgiftsbehov kan ha sine svake sider. Den statistiske metoden er basert på historiske data om faktiske utgifter, og ikkje nødvendigvis korleis tenestetilbodet og utgiftsbehovet er eller bør vera framover. Det er ein klar føremon at utvalet har styrka det analysemessige grunnlaget gjennom m.a å nytta det stadig betre data-materialet i KOSTRA.

Kostnadsnøkkelen for kommunane

Utvalet har lagt ned eit stort arbeid i å gå gjennom alle kostnadsnøklane for kommunar og fylkeskommunar. I hovudsak er dagens prinsipp for utjamning lagt til grunn: - full utjamning av ufrivillige kostnadsulempar for nasjonale velferdsoppgåver.

Målet med utgiftsutjamninga er å bidra til ei utjamning av dei økonomiske føresetnadene for å kunna yta eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. For kommunane omfattar utjamninga administrasjon, skule, barnehage og helse- og sosialsektoren. Landbruk/miljøvern er tatt ut.

Administrasjon

Utvalet sin konklusjon ser grei ut, og vi har ikkje merknader.

Grunnskule

Det tykkjest å vera gjennomført ein grundig analyse som gjev ein god kostnadsnøkkel, og det er særleg bra at utvalet har sett kritisk på kriteriet "berekna reisetid". Vi er samde i at skulestruktur og organisering av skulen burde vera gjenstand for politiske val utfrå kva som tener elevane og lokalsamfunn best, men samstundes har Stortinget i realiteten oppretthalde dei tidlegare klassesdelingsreglane gjennom kravet om at kommunen si ressurstildeling til skulane må byggja på desse reglane. Det verkar såleis underleg at ressurstildelinga til kommunane på grunnskulefeltet ikkje skal ta omsyn til dei same reglane.

Vidare føreslår utvalet at tilskotet til språkoplærings av framandspråklege skal innlemmast i rammeoverføringane, som eit reint "pr. capita"-tilskot ut frå talet på framandspråklege. Denne undervisninga slit med store smådriftsulempar, noko dagens øyremerka tilskotsordning tek høgde for. Den føreslegne ordninga vil gje dramatiske omfordelingsverknader mellom (særleg) Oslo og resten av landet.

Barnehage

Den nye barnehagenøkkelen ser bort frå at det kan vera systematisk skeivfordeling av smådriftsulemper i kommunesektoren. Små barnehagar har vesentlege smådriftsulemper, og det burde vore sett nærare på om det er ei tydeleg overvekt av små barnehagar i distrikts-/utkantkommunar, og i så fall kva verknader dette eventuelt burde få. Kostnadsnøkkelen for barnehagar må såleis vurderast på nytt, og konsekvensane for små barnehagar med smådriftsulemper må utgreiast nærare.

Sosialhjelp

Utvalet har gått bort frå urbanitetskriteriet, og det tykkjest vera klart meir logisk enn slik det er no. Ingen merknader.

Barnevern

Føreslegne endringar i kriterium i høve til kostnadsnøkkelen ser grei ut.

Primærhelsetenesta

Ingen merknader til utvalet sine konklusjonar.

Pleie- og omsorg

Utvalet sin konklusjon samsvarar godt med våre røynsler av kva som påverkar kostnadene. Det må likevel merkjast at det er overraskande at kostnadene ikkje vert påverka av tal utviklingshemma under 16 år.

Kommunale vegar

Inntektssystemutvalet har ikkje vore villige til å utarbeida ein eigen kostnadsnøkkel for kommunale vegar. Utvalet sitt argument er at det kommunale vegnettet ikkje representerer nasjonale velferdstenester i tilstrekkeleg grad. Fylkesvegnettet er imidlertid med. Kommunale vegar representerer etter vårt syn velferdstenester og kommunale kostnader som må med i inntektssystemet.

Kommunestorleik og basistilskotet

Vi stør utvalet i at basistilskotet ikkje skal differensierast, men fastsetjast i høve til kor store faste kostnader kommunane har. Det differensierte basistilskotet som utvalet har utgreidd, har synt seg vanskeleg å operasjonalisera. Å ta inn eit slikt kriterium vil då ikkje vera basert på faktiske, objektive tilhøve, men på eit politisk ønskje om å tvinga fram kommunesamanslåingar ved å nytta økonomiske verkemidlar. Utvalet meiner at økonomiske verkemidlar ikkje nødvendigvis er den mest hensiktsmessige måte å oppnå endringar i kommunestrukturen, særleg ikkje om vi ønskjer ein ei heilheitleg reform i alle deler av landet.

Vekstkommunar

Utvalet meiner det er vanskeleg å kompensera for dei utfordringane vekstkommunar har. Dei kan og samla sett ha mindre utfordringar enn kommunar som slit med fråflytting. Vekstkommunar som har særlege vanskar med å finansiera utbygging bør kunna fangast opp gjennom skjønstilskotet.

Fordelinga i inntektssystemet er no basert på oppdatert folketal (pr. 1.januar i budsjettåret), for betre å fanga opp endring i utgiftsbehovet i m.a. vekstkommunar. Dette har for mange ført til ei mindre føreseieleg og meir kompleks ordning. Vi er samde i framlegget om å gå attende til tidlegare ordning der vi nyttar folketallet pr. 1.januar året før. Vekstkommunane sine behov blir langt på veg fanga opp gjennom den løpande inntektsutjamninga som er basert på oppdaterte folketal.

Inntektsutjamninga

Ordninga med inntektsutjamnande tilskot for kommunane må utgreiast nærare. Det bør truleg bli ei større inntektsutjamning enn i dag då auka skattedel og del av selskapsskatten, saman med andre endringar som t.d. utbyteskatt, vil medføra store svingingar spesielt for mindre kommunar med trong økonomi. Vi stør elles framlegget med ei prognosebasert inntektsutjamning.

Eigedomsskatten er ein frivillig skatt som må haldast utanfor inntektsutjamninga.

Skjønstilskotet

Utvalet gjer framlegg om at skjønspotten skal om lag halverast. Storleiken på skjønspotten bør reflektera i kva grad inntektssystemet gir den fordelingsprofil Stortinget ønskjer, og bør såleis overlatast til politisk side. Skjønstilskotet må til ei kvar tid vurderast politisk utifrå det behov vi ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivaretatt av inntektssystemet.

Distriktpolitiske verkemiddel

Inntektssystemutvalet sin ambisjon er å tilpassa dei distriktpolitiske elementa til den offisielle statlege distriktpolitikken. Dette verkjar bra, men utvalet sitt framlegg til eit nytt distriktpolitisk tilskot har mange avgjerande faktorar som i det vesentlege er skjønsmessig fastsett, og er difor meir politikk enn fag.

Utvalet hevdar at føremålet med eit distriktpolitisk tilskot er å gje betre tenestetilbod i dei kommunane som får det enn i andre kommunar. Det kan vel like gjerne vera for å retta opp svake sider i inntektssystemet eller tilhøve som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet i område med vanskeleg geografi og spreidd busetnad.

Det distriktpolitiske tilskotet kan bli eit ryddig og godt element i inntektssystemet, men konsekvensane av å endra det distriktpolitiske tilskotet ved å leggja soneinndelinga i distriktpolitikken til grunn må utgreiast nærare. M.a. må basiselementet i tilskotet vurderast nærmare, og det må vurderast auka i høve til 15 % som det no er framlegg om.

Rammestyring og nasjonale velferdsreformer

Vi er samd i utvalet sine vurderingar når det gjeld bruken av handlingsplanar og øyremerkte tilskot. Øyremerkta tilskot medfører lågare effektivitet, både ved at lokale politiske prioriteringar vert forstyrra, ved at ulike øyremerkte ordningar delvis kan motverka kvarandre og ved at ordningane som regel medfører mykje administrasjon i form av ekstra planarbeid og rapportering.

Reformer må gjennomførast innanfor ei rammefinansiering og i eit forpliktande samarbeid mellom staten og kommunane ved KS.

Overgangsordninga

Framlegget til overgangsordning er etter vår vurdering enkel og god.

26.01.2006 FORMANNSKAPET

Formannskapet vedtok samrøystes ordføraren sitt framlegg til vedtak.

FS-019/06 VEDTAK:

Radøy kommune sin uttale til NOU 2005:18 vert i samsvar med ordføraren sitt framlegg til vedtak.

Rett utskrift
**RADØY KOMMUNE**
KROSSVEGEN 8
5936 MANGER
Steif saule